

Saksbehandlar: Idar Sagen, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/1513-11

Tildeling av støtte frå fylkeskommunalt ENØK-fond 2016

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Følgjande får støtte frå fylkeskommunalt ENØK-fond i 2016:

1. Luster kommune får inntil kr. 731 539.
2. Jølster kommune får inntil kr. 120 750.
3. Bremanger kommune får inntil kr. 61 072.
4. Fjordvarme AS får inntil kr. 100 000.
5. Energikompetansesenteret AS får inntil kr. 200 000
6. Hyllestad kommune får inntil kr. 137 500.
7. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane får inntil kr. 200 000.
8. Eid vidaregåande skule får inntil kr. 300 000.

Frist for realisering er 15.12.2017 og for sluttrapport 31.12.2017.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

1. Utlysingsbrev av 08.02. 2016 (esa 16/1513 nr. 1).

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Søknad frå Luster kommune, 22.02. 2016 (16/1513 nr. 2)
2. Søknad frå Jølster kommune, 14.03.2016 (16/1513 nr. 3)
3. Søknad frå Bremanger kommune, 30.03.2016 (16/1513 nr. 4)
4. Søknad frå Fjordvarme AS, 31.03.2016. (16/1513 nr. 5)
5. Søknad frå Energikompetansesenteret AS, 01.04.2016 (16/1513 nr. 6)
6. Søknad frå Hyllestad kommune, 01.04. og 08.04.2016 (16/1513 nr. 7 og 8)
7. Søknad frå Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, 01.04. 2016. (16/1513 nr. 9)
8. Søknad frå Eid vidaregåande skule, 11.04.2016 (16/1513 nr. 10)

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppretta i 2003 eit enøk-fond med ein grunnkapital på 10 millionar kroner. Fylkesutvalet er fondsstyre og forvaltninga skal skje i tråd med gjeldande vedtekter. Maksimal årleg tildeling er 2 mill. kr. Fondsmidlane vert lyst ut årleg.

Tilskotsordninga vart evaluert i 2012 og FU vedtok at fylkeskommunen sin vidare innsats innafor dette saksområdet skal intergrerast i arbeidet med å følgje opp Klima og miljøplanen frå 2009. I tilhøyrande handlingsplan for 2014-16 er det sagt at tildeling frå ENØK-fondet skal halde fram, til fondet er tomt.

Støtteordninga vart denne gongen utlyst tidleg i februar 2016 med søknadsfrist 01.04.2016.

Tabellen under viser dei som har søkt, total kostnad til prosjekta, beløp det er søkt om og fylkesrådmannen si tilråding om tildeling.

	Søkjar	Totalkostnad	Søker om	Tilråding maks
1	Luster kommune	8 458 684		731 539
2	Jølster kommune	985 000	140 750	120 750
3	Bremanger kommune	1 221 442		61 072
5	Fjordvarme AS	200 000	100 000	100 000
4	Energikompetansesenteret AS	1 000 000	500 000	200 000
6	Hyllestad kommune	575 000		137 500
7	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	320 000	200 000	200 000
8	Eid vidaregåande skule	600 000	300 000	300 000
	Sum	13 360 126		1 850 861

For tildelt støtte til skifting av vindauge og dører er det ein føresetnad at det skal nyttast produkt med U-verdi betre enn 1,2.

Frist for realisering av tiltaka er 15.12.2017 og for sluttrapport 31.12.2017. Ubrukte tilskot vert strokne ved årsskiftet 2017/18.

2. Bakgrunn

Sidan støtteordninga vart sett i verk i 2004, er det mange tildelingar som ikkje er utbetalt. Dette fordi aktuelle tiltak ikkje er gjennomført innan gitt frist. Restmidlar frå 2014 og tidlegare er tilbake-ført til fondet. Disponible midlar i fondet ved årsskiftet 2015/2016 var 3,2 mill. kroner.

Tiltak som kan støttast er enøk-analyser, enøk-investeringar i bygningar og driftsanlegg, opplæring av nøkkelpersonell, samt haldningsskapande arbeid/informasjon retta mot innbyggjarane i fylket. For søknader om støtte til investeringar i bygningar og driftsanlegg, vert det normalt stilt krav om enøk-analyse av nyare dato (ikkje eldre enn 2-3 år). Med unntak for haldningsskapande arbeid/ informasjon, er støtteordninga berre tilgjengeleg innafor kommunalt og fylkeskommunalt verke-område. Kommunane får refundert meirverdiavgift. Når støtte vert rekna i prosent av tiltaks-kostnad, er berekningsgrunnlaget difor kostnader eksklusive meirverdiavgift.

Innkome søknader i 2016 og dei to-tre siste åra, viser at tilskotssatsane som er lagt til grunn i meir enn 10 år, ikkje er så tenlege som tidlegare. M.a. endringar i teknologi og prisar på ulike produkt er årsaker til dette. I fylkesrådmannen si tilråding om tildeling av støtte er det for fleire tiltak brukt ein generell støttesats på 10 %. Dette m.a. for å sikre ein viss balanse mellom nye og tidlegare tildelingar.

Fleire av søknadene om støtte til haldningsskapande arbeid har hovudfokus på klimaspørsmål. Enøk-arbeid vil vere ein del av dette, og aktuelle prosjekt og tiltak vil dessutan vere relevante i høve til fylkeskommunen sitt arbeid på klima- og miljøområdet.

3. Vurdering og tilråding for kvar einskild søknad

3.1 Luster kommune

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak ved Luster rådhus

	Tiltak	Totalkostnad eks. mva. kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Isolering av yttertak, 1395 m2.	2 241 362			224 136
2	Isolering av ytterveggar/fasadar, 644 m2	1 499 868			149 986
3	Utskifting av vindauge, 606 m2.	2 362 562			118 128
4	SD-anlegg ventilasjon	100 000			10 000
5	Eliminering av kuldebru, 115 meter	95 000			9 500
6	Behovsstyrt/ur styring ventilasjon	30 000			3 000

7	Varmepumper tilknytt ventilasjonsanlegg	200 000			20 000
7	Enøk analyser 2013/Simenberekn. 2016	200 000			0
8	Innbygging av atrium i glas med isolering	1 967 892			196 789
	Sum	8 458 684			731 539

Vurdering/tilråding

Under post 7 er det søkt om støtte til enøk-analyse m.m. Dette arbeidet er alt gjennomført, og det er difor ikkje grunnlag for å gje støtte til dette. Det er berekna 5 % støtte til utskifting av vindauge og 10 % støtte til resten. Samla vurdert støtte vil utgjere 8,74 % av totalkostnaden som er lagt til grunn i søknaden (eksklusiv enøk-analyse).

Tilråding: Luster kommune får tildelt inntil kr. 731 539,-frå enøk-fondet.

3.2 Jølster kommune

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

	Tiltak	Totalkostnad eks. mva. kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Opplæring av driftspersonell	50 000	50 000	10 000	10 000
2	Energioppfølgingssystem, bygg med timesmålar	35 000		7 000	7 000
3	Isolering av yttervegg, inkl. skifte vindu i kommunehuset	200 000	10 000	40 000	20 000
4	Skifte ytterdører og vindauge i Skei skule	200 000	10 000	10 000	10 000
5	Skifte vindauge i omsorgsbustader	75 000	5 000	3 750	3 750
6	Isolering av yttertak i lagerbygg på Skei	100 000	10 000	20 000	20 000
7	Tettelister i vindu/dører	75 000	10 000	15 000	15 000
8	Regulering varmekablar, omsorgssenter	20 000	5 000	4 000	4 000
9	Luft-luft varmepumper (2), omsorgssenter	80 000	20 000	16 000	16 000
10	Utviding av styringsanlegg ved Skei skule	150 000	20 000	15 000	15 000
	Sum	985 000		140 750	120 750

Vurdering/tilråding

Post nr. 3 omfattar isolering av yttervegg og skifting av vindauge. Her gjeld det ulike tilskots-satsar, maks 20 % og 5 %. Det er berekna 10 % støtte til post nr. 3. Tilrådd tildeling er elles basert på gjeldande satsar. Sum tilrådd tildeling vil utgjere 12,25 % av totalkostnaden til aktuelle tiltak.

Tilråding: Jølster kommune får tildelt inntil kr. 120 750 frå enøk-fondet.

3.3 Bremanger kommune

Det er søkt om støtte til skifting av vindauge i to skulebygg.

	Tiltak	Totalkostnad eks. mva. kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Skifte 63 vindauge på barneskulen og 13 vindauge på ungdomsskulen, i alt 268 m ² .	1 221 442			61 072
	Sum	1 221 442			61 072

Vurdering/tilråding

Det er berekna 5 % støtte til tiltaket.

Tilråding: Bremanger kommune får tildelt inntil kr. 61 072 frå enøk-fondet.

3.4 Fjordvarme AS

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad eks. mva. kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
	Haldingsskapande arbeid og informasjon retta mot innbyggjarar, elevar og kommunar om moglege utnytting av miljøvenleg energi frå	200 000		100 000	100 000

	sjøvatn			
		200 000	100 000	100 000

Vurdering/tilråding

Selskapet fekk i 2006 kr. 55.000, i 2007 kr. 105.000 og for kvart av åra 2008 - 2015 kr. 100 000 i støtte til tilsvarande arbeid. Selskapet arbeider m.a. for auka utnytting av miljøvenleg og fornybar energi til oppvarming og kjøling innafor kommunal/fylkeskommunal sektor. Selskapet meiner at det er behov for denne typen innsats og treng ekstern finansiering for å drive arbeidet.

Tilråding: Fjordvarme får tildelt inntil kr. 100 000 i støtte frå enøk-fondet.

3.5 Energikompetansesenteret AS, Nordfjordeid (EKS)

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Formidling av tverrfagleg kompetanse	150 000			
2	Medverke med kunnskap i konkrete prosjekt <ul style="list-style-type: none"> • Følgje opp offentlege prosjekt • Rådgjevingspakke til tomtkjøparar i fylket • Oppfølging av private signalbygg prosjekt 	100 000 600 000 50 000			
3	Forprosjekt for konferanse i 2017 Webinar-konsept	50 000 50 000			
Sum		1 000 000		500 000	200 000

Vurdering/tilråding

EKS fekk i 2015 tildelt kr 200 000 til ein konferanse om miljø og energi i bygg. Konferansen vart gjennomført i nov. 2015 og stønadsbeløpet er utbetalt. EKS fekk også tildelt kr. 200 000 til eit formidlingsprosjekt om energivenlege løysingar «Grøn vising». I søknaden for 2016 er det sagt at dette prosjektet er planlagt gjennomført i løpet av inneverande år. I søknaden for 2015 er det sagt dette om EKS i søknaden ang formidlingsprosjektet:

«Energikompetansesenteret AS (EKS) er eit resultat av at bedriftene på Nordfjordeid og Eid vidaregåande skule (VGS) som med ulike innfallsvinklar er involvert i å fremje meir energieffektive bygg, ønskte å få etablert eit eige selskap som kunne fremje kunnskap om temaet eksternt. .. EKS vart skipa i 2014, og har så langt følgjande eigarar: Moderne Varme AS, Eidel AS, Eid Elektro AS, Henden Elektro AS, Spano Rekneskap AS, Fjordvarme AS, A. M. Vik AS, Nordplan AS, Stryn Sentrum - Bankgården AS og Eid Kommune. I tillegg har fleire bedrifter meldt si interesse for å bli medeigarar i selskapet.

For å sikre at det skal ha eit breiare geografisk nedslagsfelt, er styret samansett av personar frå bedrifter i ulike nabo-kommunar. EKS har ambisjon om å bli eit "nav" for å fremje miljøriktige løysingar i byggsektoren. Det er derfor at ein saman med NHO og Fylkeskommunen, vil arrangere ein konferanse om temaet den 12 november 2015. Viser her til eigen søknad om dette. Elles viser vi til pågåande prosjekt i regi av Eid VGS knytt til kursverksemd. EKS vil etter kvart og bli involvert i dette. Foremålet er dermed å sørge for ei meir samordna satsing kring dette temaet.»

I søknaden for 2016 er det sagt m.a.:

- a. *Formidling av tverrfaglig kompetanse til offentlege og private byggherrar og leverandørar/entreprenørar. Dette er det grunnleggende fokuset for EKS sitt virke. For å operasjonalisere dette i prosjektform så vil vi gjere følgjande initiativ som er av generell karakter (ikkje spesifikk knytt til konkrete prosjekt):*
 - Følgje opp "Varden-forslaget" å nå breidt ut til alle kommunane i fylket. EKS vil utforme eit opplegg på en halv dags workshop som rettar seg inn mot politisk og administrativ toppleiing i kommunane. Gjennomføringa av sjølv workshopane kan enten skje som del av arrangement som KS gjennomfører på fylkesnivå, eller saman med dei regionale samarbeidskonstellasjonane som et etablert i fylket. Dette er såleis eit tiltak der EKS oppsøker målgruppa, og gir eit tilbod der toppleiarar får ei bratt lærekurve. Arrangementet vil innehalde ein intro-del med bruk av eksempel og ein praktisk del, der deltakarane må delta aktivt.*
- b. *I samspel med NHO og Fylkeskommunen medverke med kunnskap slik at meir energieffektive løysingar blir vald i konkrete prosjekt. Dette handlar om å vere "på ballen" på dei prosjekta som no er under planlegging. Her tenkjer vi tre delprosjekt:*
 - *Oppfølging av planlagde offentlege prosjekt (nybygg og oppgradering) i Sogn og Fjordane. Analysen som Segel AS utførte for Fylkeskommunen er eit verktøy for skaffe oversikt over kva prosjekt EKS konkret bør rette seg inn mot. Vi vil kontakte dei offentlege byggherrane for å sjå korleis ein evt kan auke ambisjonsnivået i prosjekta.*
 - *Kommunestyret i Eid har vedteke at ein skal tilby gratis rådgjeving om korleis bygge energieffektivt til tomtkjøparar i kommunen. Rådgjevinga skal gjevast av EKS. For å sørge for at huskjøparane også blir møtt med reelle tilbod av byggefirmaer så har vi i forekant fått stadfesta*

frå 2 selskap som vil kome på bana med dette; Opal Entreprenør AS (Mesterhus) og Sølvsberg Bygg AS (Blinkhus), sjå vedlagde fråsegner frå dei om dette. Dette delprosjektet vert det og søkt om tilskot frå Husbanken (svar venta i juli). Vi tenkjer at erfaringane vi gjer her skal nyttast ut til andre kommunar i fylket. Det er spesielt denne siste delen vi vonar på ekstra stønad til frå Enøkfondet. Omfanget av dette tiltaket må tilpassast kor mykje ein oppnår i finansiering totalt.

- Kartlegge planar om større private byggeprosjekt i fylket som har signaleffekt. Vi vil søkje etter selskap som ser nytte i "grøn profilering" og motivere desse til å auke ambisjonsnivået i nye byggprosjekt.

På tvers av desse aktivitetane vil ein og samspele med Prosjektet "Tredrivar" i Sogn og Fjordane. EKS sin nære samarbeidspartnar Trond Haavik i Segel AS har drøfta dette med prosjektleiaren Ingunn Kjelstad. Om ein i dei framtidige byggeprosjekta kan fremje auka bruk av byggevarer av tre – fortrinnsvis lokalt framstelt, så vil dette vere positivt mht reduksjon i CO2 utslepp. EKS skal ha eit heilskapleg perspektiv, og dermed er dette og noko som ein vil ha fokus på.

c. Planlegge framtidig konferanse og webinar

Vi erfarte at det er særskilt krevjande å arrangere konferansen. Vi ser det difor som urealistisk å arrangere tilsvarande i 2016. Vi ønskjer derfor å jobbe vidare med to idear:

- Starte planlegginga av ein konferanse Hausten 2017. Vi skal byggje vidare på erfaringane frå 2015 og ambisjonen er at vi skal minst tredoble talet på deltakarar. Som del av denne søknaden er det kun planleggingsarbeidet vi tek med (forprosjekt).
- Som eit "låg-terskel" tilbod ønskjer vi å utvikle eit "webinar-konsept" med lunsj-tid konferanse på inntil 1,5 time. Dette vil kunne gjere det lettare å nå fram til elles travle personar, som dermed slepp reisetid til arrangementet. I løpet av 2016 skal vi gjennomføre minst eit slikt arrangement, og eit i 2017. Konseptet er tenkt først med ein presentasjonsdel (ca halve tida) og deretter ein diskusjonsdel, der ein har med seg eit utval personar i "panelet" som diskuterer. I tillegg kan andre deltakarar skrive inn spørsmål i chat funksjon og som blir fanga opp av fasilitator som bringer dette og inn i diskusjonen.

Tankegangen bak aktuelle prosjekt er nok innafor rammene for det enøk-fondet kan støtte, men fylkesrådmannen meiner at søknaden ikkje bør imøtekommast fullt ut. Ein bør vite meir om aktuelle konsekvensar og effektar av tiltak som fekk tildelt støtte i 2015, før det kan tilrådest så stort støttebeløp som det her er søkt om.

Tilråding: Energikompetansesenteret AS får inntil kr. 200 000 i støtte frå enøk-fondet.

3.6 Hyllestad kommune

Det er søkt om støtte til luftbehandlingsanlegg og enøk-analyse

Tiltak	Totalkostnad eks. mva. kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1 Ventilasjonsaggregat, demontering og montering av kanalsystem m.m. i kommunehuset	375 000	43 500		37 500
2 Enøk-analyse for kommunale bygg	200 000			100 000
Sum	575 000			137 500

Vurdering/tilråding

Det er berekna 10 % støtte til fornying av ventilasjonsanlegget og 50 % støtte til enøk-analyse.

Tilråding: Bremanger kommune får tildelt inntil kr. 137 500.

3.7 Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Vidare arbeid med prosjektet oljefri	320 000		200 000	200 000
Sum		320 000		200 000	200 000

Vurdering/tilråding

Naturvernforbundet søkte i 2014 om kr. 167 000 i støtte til m.a. å kartlegge omfanget av oljefyring og nedgravde oljetankar i fylket. Tiltaket er ein del av det nasjonale prosjektet «Oljefri». Det vart tildelt kr. 85 000. I 2015 søkte dei om kr. 250 000 og fekk tildelt kr. 200 000 til vidare arbeid med sikte på å gjere det enklare og tryggare for bustadeigarar å byte ut oljefyring med meir miljø-venlege oppvarmingsalternativ. Søknaden i år er ei oppfølging av dette. Det vert også søkt om støtte frå kommunar i fylket. Jf. sitat frå søknaden:

Vi søker med dette Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt ENØK-fond om 200 000 kroner til å vidareføre arbeidet vårt med Oljefri-kampanjen i Sogn og Fjordane. Vi har med støtte frå ENØK-fondet

i 2014, gjennomført ei kartlegging av oljefyring i Sogn og Fjordane, og fått midlar til oppstart av Oljefri i Sogn og Fjordane i 2015. Vi ynskjer å vidareføre kampanjen Oljefri i Sogn og Fjordane i samarbeid med lokale resurspersonar og støtte frå Naturvernforbundet sentralt. Vi ynskjer å nytte den kompetanse og erfaring ein har fått frå Oljefri prosjektet andre stader i landet. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane vil være ein pådrivar for at det vert laga klimaplanar og hjelpe kommunane i arbeidet med å fase ut oljefyring, innan det føreslåtte forbodet mot oljefyring i år 2020. Vårt formål er å motivere og hjelpe innbyggjarane i Sogn og Fjordane til å bli oljefri på ein enkel og trygg måte gjennom informasjon, vegleiing og kartlegging av seriøse aktørar i marknaden.

Tiltaket har fokus på klimaspørsmål og er relevant for fylkeskommunen sitt arbeid på området
Tilråding: Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane får tildelt inntil kr. 200 000 i støtte.

3.8 Eid vidaregåande skule

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Utvikle innhald knytt til enøk og fornybar energi i visingssenter	250 000			
2	Utvikle og gjennomføre opplærings-tilbod til driftspersonale	100 000			
3	Utvikle ein formidlingsplan og starte gjennomføringa av denne	250 000			
Sum		600 000		300 000	300 000

Vurdering/tilråding

Eid vidaregåande skule har over fleire år vore aktiv i fremjing av energieffektive bygg i samarbeid med elektro - /automasjonsmiljøet i Nordfjord. I 2014 fekk skulen tildelt støtte frå enøk-fondet til m.a. varmesentral til bruk i undervisningssamanheng i "garasjebygget" ved skulen og undervisningsopplegg knytt til dette. Prosjektet vart fullført i 2015. I det same bygget er det no planar om å bygge ein ekstra etasje med plass for m.a. eit «byggfagleg laboratorium».

Sitat frå søknaden:

Målet med dette prosjektet er:

- *Utvikle eit visning senter som kan formidle det heilskaplege perspektivet i eit bygg m.o.t. energibruk og inne - miljø.*
- *Spreie kunnskap om korleis bygge og drifte energieffektive bygg. Dette ved å illustrere fordelar og ulemper ved val av ulike type energiklasse i bygg (byggningskroppen) og ved val av ulike typar energi - kjelder/ - system.*
- *Underbygge dette ved å kunne bruke reelle data om energibruken i høve ulike vèr - situasjonar (vèrdata).*
- *Vere ein viktig bidragsyter i å få i gang ei "grøn handling".*

MÅLGRUPPER

Målgruppene for satsinga er:

- *Byggherrar/ - eigarar (private og offentlege), leiarar og driftspersonale Planleggarar/arkitektar*
- *Utførande entreprenørar (ulike fag) og deira sine handverkarar*
- *Leverandør av utstyr og system (ved at dei ser heilskapen eksponert, så ønskjer vi at dette skal fremje meir innovasjon som fører til enda betre tverrfaglege løysingar)*
- *Skular, høgskular og universitet.*
- *Befolkninga generelt i fylket (vi skal skape ein posisjon som gjer at folk flest vil "lytte" til budskapet som kjem frå oss)*

Tilråding: Eid vidaregåande skule får tildelt inntil kr. 300 000.

4. Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen rår til at det vert tildelt inntil kr. 1 850 861 i støtte frå fylkeskommunen sitt enøk-fond i 2016 i tråd med fordelinga som foreslått. Frist for realisering av tiltaka er 15.12.17 og frist for sluttrapport er 31.12. 2017.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja](#) ↑